



Arkivnr: 2014/10539-2

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Opplæring for kontrollutvalet 6. - 7.5.14 - Status

Bakgrunn for saka.

Dei fylkeskommunale kontrollutvala på Vestlandet har lagt opp til 4 samlingar med sams folkevaldopplæring denne valperioden. To samlingar har vore lagt utanfor Vestlandet, medan dei to siste har vore lagt til Hordaland. Den siste av desse to skal vera på Thon Hotel Bergen Airport, 6.-7. mai 2014. Felleskostnader er hovudtema for denne saka.

Drøfting.

Plassering i Hordaland har bl.a. vore gjort ut frå at det vert rimelegaste reisekostnader for alle dei fire kontrollutvala samla sett. Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune kjem då særst godt ut. Me held ordinært kontrollutvalsmøte i tilknytning til samlinga, og har såleis ikkje ekstra reisekostnader, slik utvala frå Rogaland, Sogn og Fjordane samt Møre og Romsdal har. Såleis er det gode grunnar for at Hordaland fylkeskommune, som vertskap for 2. gong, kan dekkja nokre felleskostnader. Det vert då tenkt på følgjande:

- Merksemd til førelesarar utanfor kontrollutvala sine rekker, inntil 4 gåver / gåvekort, kvar inntil kr. 400,-. Totalt kr. 1.600,-
- Middag i eige lokale, kr. 80,- for kvar. Maksimum 30 deltakarar. Totalt inntil kr. 2.400,-
- Evt. ande felleskostnader i tilknytning til samlinga. Nemner for ordens skuld at alkoholhaldige drikker ikkje vert å dekkja herunder.

Konklusjon.

Tilrå at det vert sett ei ramme på inntil kr. 10.000,- for Hordaland fylkeskommune sine arrangørplikter.

Forslag til vedtak

Hordaland fylkeskommune v/ kontrollutvalet, dekkar inntil kr. 10.000,- i felleskostnader ifm. arrangørplikter knytt til folkevaldopplæring for dei fylkeskommunale kontrollutvala på Vestlandet, 6.-7. mai 2014.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.